

Sørstrand Folkepark



SØRSTRAND FOLKEPARK



ÅRSRAPPORT 2015

Foreininga er primus motor i utviklinga av Sørstrand friområde på sørsida av Florelandet. Bruer, stiar og flotte strandområde har blitt til på kort tid, takka vere økonomiske gåver og frivillig innsats. Første del av prosjektet sto ferdig i 2014.

Innhald

Leiar	4
Årsmelding 2016	
Regnskap for 2016 m/noter	8
Revisjon for 2016	
Søttespelarar	12
Ønskeliste i høve nye gåver	13
Årsmøte 2016	
Protokoll frå årsmøte 2016	
Medlemmar pr.31.12.2016	
Vedtekter	16

Leiar



Samlingsåret 2016☺

Foreininga si verksemd er slik at det som kjem inn av midlar raskt vert omsett til synleg utvikling av området. Dei fleste bidrag frå private aktørar er knytt opp mot enkeltprosjekt noko som gjev høg hastigheit til realisering, men større utfordring til drift. Dette har fått styret til å sette på "bremsene" av fleire grunnar. Først og fremst har vi eit ansvar for å ta vare på det som er skapt med den drift og det vedlikehald som følgjer med. Skulle vi ta på oss eit større ansvar må vi være sikre på årlige driftstilskot. Vi ser og at heile området tar form som ein stor attraksjon for Flora kommune og på sikt bør kunne få ei regional rolle. I dette ligg utfordringar og moglegheiter fleire enn det foreininga åleine kan utvikle. I første omgang gjeld dette etablering av servicebygg med fasilitetar tilpassa varme sommardagar med mykje folk i strandsona. Deretter tiltak for å utnytte potensialet parken har som regionalt rekreasjonsområde der ein legg til rette for fleire tilbod enn badeliv og sjøsport. Med dette for auge har Flora bystyre sett av midlar til prosjektering av servicebygg. Håpet er å kunne realisere bygget til sommarsesongen 2018. Reguleringsarbeidet har gått tregt og vi er utolmodige på å komme vidare. Dette hat Flora kommune no tatt tak i og vi ser at reguleringsplanen kan være godkjent før november 2017. I påvente av arbeid med servicebygg har vi starta bearbeiding og litt ombygging i området rundt grillhytta og med sti ned til svabergene nedafor.

Ditt bidrag er å bruke folkeparken aktivt og komme med tilbakemeldingar slik at vi kan utvikle den vidare. Og skulle du ha lyst til å bidra på dugnad, prosjektarbeid, styrearbeid eller anna så ta kontakt! Til slutt ein stor takk til alle som har bidrege i året som gjekk.

Jan Henrik Nygård

Styreleiar

21. april 2017

Årsmelding 2016

SØRSTRAND FOLKEPARK

Sørstrand Folkepark har som føremål å utvikle friområdet sør på florelandet, til eit område for aktivitet og rekreasjon for ålmenta. Innsatsfaktorane er frivillig arbeid og økonomiske gåver frå ulike offentlege og private kjelder. Foreininga er uavhengig, upolitisk og drivast på ideelt grunnlag. Den er registrert i Frivilligregisteret i Brønnøysund og pr. 31.12.16 hadde den 221 registrerte medlemmar. Medlemskapet er evigvarande og kostar 100 kroner for privatpersonar og 1000 kroner for bedrifter. Som medlem har ein møte- og stemmerett på årsmøtet. 2016 var det sjette heile driftsåret.

GÅVER I 2016

Flora kommune via INU kr.500.000.-(Nå på konto)

Kinn Rekneskap kr.10.000.-

Elles har vi ikkje søkt midlar i påvente av reguleringsplanen, og vi fekk omdisponere gåvene frå Sparebankstiftinga til å nytte dei rundt grillhytta og sti derfrå til svaberga mot sør.

Vi er takknemlige for alle gåver og styrar dei mot ulike prosjekt i området etter kvart som parken utviklar seg.

INVESTERINGAR OG DRIFT

Det har i år vært fokus på drenering rundt grillhytta og arbeide der omkring i tillegg til litt ferdigstilling på strand området. Vi har og rydda skog nedanfor grillhytte og starta planlegging av ein Gapahuk i same område.

DUGNADSARBEIDET

Den frivillige innsatsen har vore nøkkelen til suksess i arbeidet med Sørstrand Folkepark. Dette famnar alt frå prosjektering, søknadar om tilskot, administrasjon, synfaring til ulikt førefallande arbeid som til dømes reinsking av tang, slåttonn og rydding i krattskogen. Dessverre fell dette arbeidet på alt for få hender, og utfordringa framover blir å engasjere folk til nye krafttak. Foreininga håpar å kunne engasjere fleire seniorar som vil ha godt av både det sosiale samværet og mosjonen som dette arbeidet har å tilby. Vidare ser ein føre seg at ulike lag og skular som brukar parken flittig bør utfordrast til ulikt dugnadsarbeid, som til dømes rydding og tilsyn for å verne om det som er skapt.

PROSJEKTARBEID I 2017 OG 2018

Styret har vald å konsentrere prosjektarbeidet om utviklinga av strandområdet, planarbeid og detaljprosjekt med prinsipp for utføring i heile området. Så er det eit mål å realisere ein gapahuk ved grillhytta.

For 2018 er det slutføring prosjektering servicebygg med tilhøyrande VA anlegg.

SANITÆRBYGG OG STIAR

Kommunen har løyvd pengar til prosjektering av sanitærbygg, som i den nye reguleringsplanen vil få si plassering på den nyleg opparbeida tomta bak volleyballbana. Herifrå vil det gå ein sti med universell utforming mot Austvik. Foreininga ønsker å bidra aktivt til realisering når reguleringsplanen endelig blir klar.

REGNSKAPET FOR 2016

Resultatregnskapet for 2016 viste eit underskot på kr , som er føreslege dekt frå eigenkapitalen. Eigenkapitalen utgjorde 629 tusen kroner pr. 31.12.2014 og banksaldo xxx tusen kroner.

ADMINISTRATIVT

Det vart helde 2 styremøter i 2016. Dei viktigaste sakene er omtala i årsmeldinga. Det er ingen tilsette i foreininga og styret har inga godtgjersle for arbeidet. Bookkeeper er regnskapsførar og Kinn Regnskap står for revisjon. Det er sett av 10 tusen kroner i honorar for 2016.

Florø, 21 april 2017

Jan Henrik Nygård

Styreleiar

Anne Bortne

Nestleiar

Tor Solheim-Olsen

Styremedlem

Irene Hjorthol

Styremedlem

Magne Hovland

Styremedlem

Regnskap for 2016 m/noter

[RESULTATREGNSKAP 2016](#)

[BALANSE PR. 31.12.2016](#)

[NOTER TIL REGNSKAPET FOR 2016](#)

Revisjon for 2016

Støttespelarar

Sørstrand Folkepark har blitt til ved hjelp av stor dugnadsinnsats frå tillitsvalde og andre eldsjeler. Utan dette initiativet, hadde parken ikkje blitt til. Men ein kjem ingen veg utan pengar. Dei store økonomiske gåvene har kome frå både offentlege og private kjelder. Tabellen under er gåver lik eller større enn 10 tusen kroner spesifisert. Flora kommune sine løyvingar går over eigen rekneskap, og er ikkje som gåve å rekne. Tett på 4 millionar kroner er så langt løyvd til føremålet.

Støttespelarar:

INU midler	1.800.000.-	Prosjektstøtte
Gjensidigestiftelsen	800.000.-	Stranda
Sparebankstiftinga i Sogn og Fjordane	690.000.-	Grillhytte & bruer
Flora kommune (over eiga drift)	312.000.-	Strand og prosj.sanitær
Sparebankstiftelsen DNB	250.000.-	Aktivitetspark
Nor Tekstil	100.000.-	Prosjektstøtte
Westcon Yards Florø	86.000.-	Bru
Sumitomo Corporation & Petroleum Services	60.000.-	Bru og sti Flatholmen
Sparebanken Sogn og Fjordane	56.000.-	Strand og annonser
Sogn og fj. fylkeskommune (Over eiga drift)	35.000.-	Planarbeid
Floraskulane	17.000.-	Sand til Volleyballbane
Alternativ Jul i Florø	10.000.-	Benkar
Kinn Regnskap	30.000.-	Prosjektstøtte
Veikingkonvoien	15.000.-	Prosjektstøtte grillar
Andre berdifter	13.000.-	Prosjektstøtte
Medlemmer	49.000	Medlemsskåp og gåver
Sum innbetalte gåver/løyvingar	4.323.000.-	



Ønskeliste i høve nye gåver

Sørstrand Folkepark ønskjer å utvikle eit rikhaldig aktivitetstilbod på området, og ein har definert ei ønskeliste av ulike prosjekt i høve til nye gåver (beløpa er ikkje sikre anslag, men meir stipuleringar).

Prosjekt	Beløp
Stranda	
- Sanitærbygg og stiar	2 000 000
- Taverna	500 000
- Overbygg amfi og scene	250 000
- Badeflåtar	50 000
- Kajakkar for utlån	25 000
Flatholmen	
- Rampar for rullestolar	50 000
- Stupetårn og sjøtrapp	100 000
- Badestamp og badstu	200 000
- Fiskeplattung	250 000
- Gapahuk	200 000
- Værstasjon/observatorium	1 000 000

Dersom di bedrift ønskjer å gje midlar til enkeltsåande prosjekt, vennlegast ta kontakt.

Årsmøte 2017

Tid og stad: 02 mai 2017 klokka 18.00 i grillhytta.

Dagsorden

1. Val av ordstyrar
2. Val av referent
3. Val av 2 medlemmar til å signere protokollen
4. Godkjenning av årsmelding og regnskap for 2016
5. Styreleiar si orientering
6. Medlemskapssaker
7. Innkomne saker
8. Val

Protokoll frå årsmøte 2017

Styreleiar Jan Henrik Nygård ønskte velkommen til det sjette ordinære årsmøte i foreininga si historie. Det var X medlemmar tilstades, av totalt XXX registrerte medlemmar. Det var ingen merknader til innkalling utover merknad tatt inn i sak 4 vedr. revisorberetning.

Sak 1: Val av ordstyrar

Jan Henrik Nygård blei føreslått som ordstyrar. Årsmøtet støtta forslaget.

Sak 2: Val av referent

Jan Henrik Nygård blei føreslått som referent. Årsmøtet støtta forslaget.

Sak 3: Val av 2 medlemmar til å signere protokollen

Magne Hovland og Jan Henrik Nygård blei føreslått. Årsmøtet støtta forslaget.

Sak 4: Godkjenning av årsmelding og rekneskap for 2016

Styreleiar gjennomgikk årsmelding og rekneskap for 2016. Både årsmelding og rekneskap vart godkjend.

Sak 5: Styleiar si orientering

Styreleiar orienterte kort om status for servicebygg, gapahuk og reguleringsarbeide. Viser her til årsrapporten.

Sak 6: Medlemskapssaker

Årsmøtet vedtok å vidareføre dei satsar som gjeld for medlemskap

- Kr 100 for privatpersonar
- Kr 1000 for bedrifter
- Kr 0 for foreiningar

Sak 7: Inkomne saker

Det vart diskutert ein del saker: Magne hentar inn pris på WC ved parkeringsplass.

Sak 8: Val

Følgjande styrerepresentantar stod på val: Jan Henrik Nygård, Tor Solheim-Olsen og Magne Hovland i tillegg til vara medlemmar.

Valnemda føreslo gjenval på alle tre for å sikre kontinuitet i ein viktig periode for foreiningen.

Vararepresentantar Ingvild Hovland og Ane Eliassen. Årsmøtet støtta forslaget.

Det betyr at styret består at følgjande representantar:

- Jan Henrik Nygård (Etterpå vald som leiar)
- Irene Hjorthol

- Tor Solheim-Olsen
- Anne Fure Bortne (Etterpå vald som nestleiar)
- Magne Hovland

Styret konstituerer seg sjølv.

Som valnemnd blei det føreslått attval på Helge Sårheim.

Styret får fullmakt til å velje et medlem til i valkomiteen.

Årsmøtet støtta forslaget.

Som revisor blei det føreslått at engasjementet med Kinn Regnskap held fram. Årsmøtet støtta forslaget.

Florø, 02. mai 2017

Referent

Jan Henrik Nygård

Magne Hovland

Vedtekter

§ 1 Navn

Foreningens navn er Sørstrand Folkepark.

§2 Formål og virkemidler

- 2.1 Foreningens formål er å utvikle og realisere Sørstrand Folkepark som rekreasjonssted for fastboende og besøkende i Florø.
- 2.2 Foreningen skal legge til rette for idretts- og fritidsaktiviteter for barn, ungdom og funksjonshemmede og vil samarbeide med skoler, barnehager og andre foreninger som ønsker å bruke parken.
- 2.3 Foreningen vil være hørings- og samarbeidsorgan overfor kommunen og andre instanser i saker som angår formålet.
- 2.4 Foreningen skal i sitt arbeid med å utvikle folkeparken, søke å ivareta naturen, miljøet og de kulturminnene som finnes.
- 2.5 Foreningen skal finansiere sitt arbeid primært via ulike støtteordninger fra offentlige instanser, private institusjoner og innsamlingsaksjoner.
- 2.6 Foreningens arbeid vil i stor grad være basert på frivillig innsats fra medlemmer og andre.

§ 3 Juridisk person.

- 3.1 Foreningen er en upolitisk, selveiende og frittstående juridisk person som drives på ideelt grunnlag.

§ 4 Medlemskap

- 4.1 Medlemskap er åpent for alle som ønsker det. Prisen for medlemskap fastsettes av årsmøtet. Det utstedes et medlemsbevis som benyttes som adgangstegn til årsmøtet. Alle som bidrar med gaver på minimum det medlemskapet koster, vil automatisk få status som medlem. Som medlem godtar man foreningens vedtekter og formål. Medlemskapet er gyldig fra den dagen pengene er mottatt, og gjelder på ubestemt tid.
- 4.2 Æresmedlemskap kan tildeles basert på stor frivillig innsats eller arbeid som på annen måte bidrar til å realisere formålet. Årsmøtet tildeler æresmedlemskap etter innstilling fra styret.
- 4.3 Årsmøtet kan ekskludere medlemmer som ikke respekterer foreningens vedtekter og formål eller som på annen måte bidrar til å motarbeide foreningens interesser.

§ 5 Årsmøte

- 5.1 Foreningens øverste myndighet er årsmøtet. Ordinært årsmøte holdes innen utgangen av april hvert år og skal kunngjøres minst 4 uker før.
- 5.2 Forslag til saker som skal behandles på årsmøtet, må være styret i hende senest 14 dager før.
- 5.3 Innkallingen skal angi de saker som skal behandles på årsmøtet, og skal gjøres tilgjengelig for medlemmene minst 1 uke før årsmøtet.
- 5.4 Årsmøtet er vedtaksført med det antall medlemmer som møter. Ingen medlemmer har mer enn 1 stemme. Stemmegivning kan skje ved fullmakt.
- 5.5 Årsmøtet behandler:
1. Årsmelding
 2. Årsregnskap
 3. Valg av:
 - Fem styremedlemmer
 - To vararepresentanter
 - Valgkomité på to medlemmer
 - Revisor
 - Eventuelle komiteer
 4. Medlemskapsaker
 5. Planer og prioriteringer for det kommende året

- 5.6 Det velges en dirigent til å lede årsmøtet, en referent og to medlemmer til å signere protokollen. Protokollen skal legges ut på hjemmesiden som del av årsrapporten.
- 5.7 Styremedlemmer og vararepresentanter velges for to år. Samtlige kan gjenvelges og kontinuitet må tilstrebes.
- 5.8 Årsmøtets beslutninger fattes med alminnelig flertall blant de fremmøtte medlemmene.
- 5.9 Revisor og valgkomité rapporterer direkte til årsmøtet.

§ 6 Ekstraordinært årsmøte

- 6.1 Ekstraordinært årsmøte skal avholdes når styret finner det påkrevet. Innkalling og avvikling følger samme prosedyre som ved ordinært årsmøte, jfr. § 5. Innkallingsfristen er minst 14 dager.
- 6.2 Når minst 1/3-del av medlemmene krever det, skal det avholdes ekstraordinært årsmøte.

§ 7 Medlemsmøter

- 7.1 Medlemsmøter avholdes når styret finner det nødvendig og skal bekjentgjøres minst 14 dager forut.

§ 8 Velforeningens ledelse (styret)

- 8.1 Foreningen ledes av et styre som er foreningens øverste myndighet mellom årsmøtene. Styret konstituerer seg selv gjennom valg av leder og nestleder.
- 8.2 Styret skal:
- Iverksette de vedtak som årsmøtet fatter
 - Stå for foreningens daglige ledelse og ivareta dens interesser overfor andre instanser
 - Forvalte foreningens eiendeler/eiendom, herunder føre kontroll med foreningens økonomi
 - Etter behov, oppnevne komiteer eller personer til å løse spesielle oppgaver
 - Representere foreningen utad
- 8.3 Styret skal holde kvartalsvise møter, eller oftere ved behov.
- 8.4 Styrets vedtak skal protokolleres gjennom referater som arkiveres elektronisk og fysisk sammen med brevlig korrespondanse.
- 8.5 Styret, ved leder og nestleder sammen, har signaturrett.
- 8.6 Styret er beslutningsdyktig når minst 3 representanter er til stede. Vararepresentanter skal motta saksinformasjon, og innkalles ved behov. Som vararepresentant har man møterett.
- 8.7 Styrebeslutninger krever alminnelig flertall. Ved stemmelikhet, skal leders dobbeltstemme avgjøre.

§ 9 Vedtektsendringer

- 9.1 Vedtektsendringer krever 2/3 flertall og må vedtas på ordinært eller ekstraordinært årsmøte. Endringene trer i kraft umiddelbart.

§10 Oppløsning. Sammenslutning. Deling.

- 10.1 Oppløsning av foreningen kan behandles på ordinært eller ekstraordinært årsmøte. Vedtaket krever 2/3 flertall. Det skal velges et avviklingsstyre som skal forestå avviklingen.
- 10.2 Foreningens formue skal, etter oppløsning og gjeldsavleggelse, tilfalle formålet eller beslektede formål i nærområdet. Ingen medlemmer har krav på foreningens midler.
- 10.3 Sammenslutning med andre foreninger eller deling av foreningen anses ikke som oppløsning. Vedtak om sammenslutning/deling og nødvendig vedtektsendringer i denne forbindelse treffes i samsvar med bestemmelsene om vedtektsendring (§ 9). Styret skal i den forbindelse utarbeide en plan for sammenslutningen/delingen som årsmøtet skal stemme over. Ved sammenslutning eller deling skal det innhentes samtykke fra foreningens kreditorer.